

## Søknad vedrørande forlenging av bandleggingssone kommunedelplan

E39 Flatøy-Eikefettunnelen PanID- 1263-201611

### Kva saka gjeld:

I Kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og KPA Lindås er det ei vedteken sone for bandlegging med heimel i plan og bygningsloven (PBL). Den beskriv areal som vil vere bandlagt for framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, med tilhøyrande tilførselsvegar, lokalvegar, vegkryss, tunnel, gang- og sykkelvegar, rasteplassar og kontrollplassar. Bandleggingssona vert gjeldande fram til vedtak av kommunedelplanen for E39 eller inntil fire år, med mogeleg forlenging inntil fire år.

Det er no fire år sidan bandleggingssona vart vedteken og kommunen har ikkje i denne perioden fått vedteke kommunedelplanen for E39 som var målet når Lindås kommune utarbeida sin kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031. Kommunedelplan for E39 er formelt oversendt Alver kommune frå Statens vegvesen, men er ikkje behandla politisk i kommunen enda. Heimelen til å bandlegge areal i påvente av KDP E39 er gått ut og det er behov for å forlenge bandlengingssona fram til planen er formelt vedteken.

Bandleggingssona kan forlengast med politisk behandling i kommunen, med vidare handsaming sjå Statsforvalteren på vegne av Departementet. Administrasjonen har vore i dialog med Statsforvalteren undervegs, som følg prosessen tett. For å vidareføre bandleggingssona fremmar Alver kommune ei søknad vedrørande forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D, i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 og kommunedelplan for Lindås 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt.

### Historikk

Planarbeidet byggjar på Riksvegutgreiinga frå 2015. Arbeidet med planprogram starta med ein silingsprosess, for å kome fram til kva traséalternativ som skulle utgreiast som del av kommunedelplanarbeidet. Planprogrammet vart lagt ut på høyring og vedtatt i 2017. Når

kommunedelplanen er vedtatt med ein vegkorridor, skal vektaket regulerast og vidare detaljprosjekterast, før veganlegget vert bygd.

Formålet med planarbeidet er å utarbeide kommunedelplan med konsekvensutgreiing (KU) for strekninga E39 mellom Flatøy sør og Eikefettunnelen. E39 Flatøy–Eikefettunnelen er eit av delprosjekta under satsinga på utbetra og ferjefri E39. I Nasjonal transportplan (NTP) for 2018–2029 vedtok Stortinget eit langsiktig mål om ein utbetra og ferjefri E39 som gjer strekninga kortare og reduserer reisetida. Målet for strekninga er å knyte saman store næringslivsregionar og buog arbeidsmarknader, og gi betre føresetnad for å utvikle Norges største eksportregion til stor nytte for samfunnet. I dag er E39 mellom Flatøy sør og Eikefettunnelen ein om lag 27 kilometer lang veg med to køyrefelt. Den mest trafikkbelasta strekninga er mellom Flatøy sør og Knarvik. E39 nord for Knarvik har dårleg vegstandard med stadvis krapp kurvatur, mange kryss og avkjøyrslar, og fleire tunnelar. Det har vore mange ulukker på strekninga.

Trafikkmengda i kombinasjon med mange kryss og avkjøyrslar gjer at kapasitetsgrensa for vegen er nådd, og det er få eller ingen høve for omkjøring ved hendingar på vegnettet. Samfunnsmålet for delstrekninga på E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen er å skape eit meir effektivt og trafikksikkert nord-sør-samband på Vestlandet innanfor dei rammene og føringane som er gitt i NTP. Løysinga må legge til rette for vidare utvikling av Knarvik som regionsenter.

## Politisk behandling

Administrasjonen har vore i prosess for å handsame behandlinga av bandleggingssona sidan august 2023. Som vist under har administrasjonen hatt dialog med dei sentrale etatane om korleis vidare prosess skal gjennomførast:

29. august 2023 mottek Alver kommune eit brev frå Statens vegvesen som ber kommunen handsame saka om forlenging av bandleggingssona til vedtak av kommunedelplanen for E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

04. september 2023 tok administrasjonen kontakt med Statsforvalteren for råd og vidare handsaming av søknaden.

06. oktober fekk administrasjonen svar frå Statsforvalteren på korleis søknaden skal handsamast. Saka blei så vidare meldt til politisk behandling i Alver:

Saksframlegget har vert oppe i politisk styringsgruppe for areal- plan og miljø for innstilling 08.11.2023 med følgjande presisering:

*«Kommunestyret utset sak 196/23 - 23/77805 - Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Saka sendes tilbake til administrasjon. Det må etablerast kontakt med Statens Vegvesen med mål om å redusere bandleggingssona i forhold til trasse foreslått i Kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Flatøy–Eikefettunnelen PlanID: 1263-201611 oversendt frå Statens Vegvesen til Alver kommune. Framlegget vart samrøystes vedteke.»*

Vidare for handsaming i Alver kommunestyre 23.11.2023. Der blei saka utset med følgjande framlegg til vedtak:

**KO- 196/23 Vedtak:**

*«Kommunestyret utset sak 196/23 - 23/77805 - Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Saka sendes tilbake til administrasjon. Det må etablerast kontakt med Statens Vegvesen med mål om å redusere bandleggingssona i forhold til trasse foreslått i Kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Flatøy–Eikefettunnelen PlanID: 1263-201611 oversendt frå Statens Vegvesen til Alver kommune.»*

Vidare tok administrasjonen kontakt med Statens vegvesen og gjennomførte dialogmøte for å diskutere moglegheitsrommet for å endre bandleggingssona(sjå vedlegg X). I tråd med vedtakspunkt KO-196/23 har administrasjonen etablert kontakt med Statens vegvesen, og har heldt dialogmøte angåande vidare behandling av sona, og moglegheitsrommet rundt å endra sona. Det har også blitt gjennomført eit dialogmøte med utvalsleiar i areal, plan og miljø for å diskutera saka i tråd med vedtakspunkta og dei nye opplysningane i etterkant av møte med Statens vegvesen.

Saka vart vidare meldt opp til politisk 2. gangs handsaming for innstilling i planutvalet 07.02.2024, for så vidare endeleg behandling i Alver kommunestyre 22.02.2024 kor saka blei endeleg vedtatt:  
*«Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf. pbl § 11-8 ledd D i kommunedelplan Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 til trase i kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen er valt».*

## **Veien vidare**

Administrasjonen arbeider no med saksutgreiing og me har som målsetnad at planen skal leggast ut på offentleg ettersyn 20. mars 2024. Det har gått ein lengre periode sidan planen vert oversendt til kommunen, men grunna naudsynt arbeid med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel har kommunedelplanen blitt forskjøve frem til no. Me har i denne tidsramma gjennomført fleire interne møte med dei berørte fagområda som landbruk, kultur og arealforvaltning. Me har også nyleg vore i regionalt planforum hos Vestland fylkeskommune 27.02.2024, kor me fekk gode tilbakemeldingar og gode diskusjonar på korleis me arbeid med planforslaget.

Alver kommune ønskje planen lagt ut til offentleg ettersyn slik me kan komme eit steg vidare i prosessen, og det er naudsynt at sona for bandlegging blir vidareført frem til vedtak av planen.

**Vedlegg:**



Her kommer vedlegg til saka med dokument som saksframlegga, møtereferat frå møte med SVV ++